



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 1, 59. ÅRGANG, 2020





Prestegardseigar

Først i januar mens Volbu ennå låg som eit julekort, skreiv vi under på kjøpekontrakt for

Volbu prestegard. Det gjev høve til å tenke litt over kva det vil seie å eige.

Etter vel 33 år som forvaltarar av prestegardar er vi blitt eigarar av ein. Det kjennes fint og rart, ja faktisk vemodig på same tid. Ein æra er på veg ut.

Det har vore ein lang prosess, der både samfunnet og ein del av prestane har stilt spørsmålsteikn ved institusjonen «prestegard». Det førte til at buplikta for prestar ved stortingsvedtak vart oppheva for 4-5 år sidan. Med det fylgde sal av prestegardane.

Nokre av dei blir haldne att av spesielle kulturelle eller rekrutteringsomsyn. Ingen slike omsyn var tungtvegan- de for prestebustaden i Volbu, og vi fekk tilbod om å kjøpe han! Hadde ikkje vi ynskt det, ville han kan hende blitt seld på den opne marknaden når vi som pensjonistar flytta ut. Men ein prest som bur i bustaden får tilbod om å kjøpe til takst.

Vi er sjølvsagt glade eit fantastisk hus, ein flott stad og vi veit kor vi skal bu livet ut! Det er stor tryggleik i det, vi kan kjenne på å få høyre til.

Som gamleprosten Georg E Johnsson formulerte det; «du veit kor du høyrer til når du veit kor du skal gravleg- gjast!»

Men det er og noko vemodig! Vi har ikkje ynskt at denne institusjonen «prestegard» skal verta borte, og det kjennest litt rart å eige noko som på ein måte har vore alle sitt eige. Her har folk kome med sine nyfødde og meldt dåp, sørgjande avtalt gravferd, forelska avtalt giftemål, ja til og med vorte gifte.

Her har konfirmantane vore samla. Kameratar og vener av familien har minne knytt til prestebustaden. Ein insti- tusjon der og nokon har budd og levd liva sine.

I desse 33 åra vi har budd i prestebustader, har vi opp- levd ein varme og eit positivt engasjement for oss som har budd i desse husa. Men det passar likesom ikkje inn i ei verd der vi skal skilje så på privat og offentleg, fritid og arbeidstid. Noko blir borte, og eg veit ikkje heilt kva eg skal kalle det! Men vi bur her i alle fall ut livet vårt, og held hardnakka fast på prestegardsæraen så lenge VI kan!

- Eli



Evig håp

AV: BISKOP SOLVEIG FISKE, HAMAR BISKOP

FOTO: LIV TORHILD BRAATHEN

Har du kjent dei gode tårene sprengje på når noko godt hender? Har du kjent det som ømme sting i hjarta? Har du stansa og kjent på undringa over vårens nye liv? Livet som vaknar etter vinteren? Har du hatt den sære kjensla over at eit menneske du var glad i, ikkje fekk oppleve dette fordi dauden kom? Mange av oss har slike kjensler. Slik trur eg også det var for disiplane som fylgde Jesus. Dei såg at Jesus reiste menneske opp, og at han ikkje gjekk forbi dei utstøtte. Kjærleiken prega møtet hans med menneske. Denne kjærleiken let seg ikkje knekke av over- makt og undergrunnskrefter.

Men dei opplevde at han vart skulda, korsfest og døydde. Og dei sørgde djupt. Så da påskedagen kom, var dei framleis både i sorg og eg trur dei også var redde. Nokre av kvinnene gjekk til grava. Det dei opplevde der, fylte dei med frykt, men også med stor glede. Kanskje litt i slekt med det ein kjenner på, med eit nyfødd lite liv i hendene. Undring, spenning, uro for ei ukjend framtid, og intens, klar lykke.

Påskedagen den gongen, er dagen da livets krefter bryt fram. Dagen då evig håp blir lagt i hendene våre.

Håp som vi skal leve på og dele raust. Håpet som understrekar det som Jesus syntte oss i måten han møtte menneske på.

Det er mange tankar vi kan ha om påske og påske- fortellingane. Eg vil lyfte fram det store i at Jesu liv, hans død på korset, og hans oppstode kastar ljøs over våre liv. Korset har noko med våre liv å gjere. Det er krafta frå Jesu oppstode vi kan tru på og leve av, trygge på at kjærleiken er sterkare enn dauden.

Ljoset frå Kristus famnar oss som ein soloppgang. Ja, som ein stille, stille soloppgang, med jubeltonar i seg, slik lyrikaren Arnold Eidslott skriv:

*Kristus er oppstanden!
Kristus har forlatt graven.
Kristus er oppreist med lyset.
Kristus har innfridd sitt løfte.
Kristus har åpnet de evige dører.*

Eg ønskjer dykk ei velsigna påske.



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes
E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no
KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar	MARIANNE STRAUM	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjegardsarbeidar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og
Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designsaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE
NUMMER: 21. APRIL 2020

FRAMSIDE: Bitihorn i soloppgang.
FOTO: Aud Eva Bergo

LIDAR KYRKJE
VIPPS: 135151
Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

HEGGE KYRKJE
VIPPS: 515422
Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE
VIPPS: 590221
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Bjørg Kristin Skogen Opheim

ROGNE KYRKJE
VIPPS: 587467
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Rannveig Rogne Villmones



Den sigrande Kristus frå altertavla i Lidar.

Foto: Saskia Aleida Van Veen



med Jostein Aanestad.

Vi har sunge i koret i lag sidan han kom, Jostein Aanestad, den nye rådmannen i Øystre Slidre og eg. Eg kastar meg over han på røyst sin julekonsert i Rogne og spør;

- Har du en verdi som er viktig for deg? Han må ikkje tenke seg om lenge før han kjem tilbake til meg

- Ærlegdom

Du veit der satt han i saksa:

- Vil du vera med på verdivandring med temaet ærlegdom?

Han er ikkje van med å «backe» ut på utfordringar, så han svarar ja.

Tida vi finn, er ein blåstrete måneskinskveld, og vi legg i veg bortetter Skatrudvegen. Han peiker på nytt på at han no er utfordra på ei anna side enn det folks vanlege bilete av han er. Han er meir ein praktisk ordnar opp i ting enn ein verdifilosof. Han fortel at han sjølv og var litt overraska over at han så spontant valde verdien ærlegdom. Men det er nok rett, og mange har påpeikt at det er ein viktig verdi for han. Han seier til sine medarbeidarar at det viktigaste er at dei er ærlege. Dersom ein skal kunne løyse eit problem, ta dei beste avgjerder, må ein vite korleis ting faktisk er. Elles vert det berre rot og kaos. Orda er klare og tydelege som skuggane månen kastar framføre oss.

- Ein bør helst oppføre seg slik at ein kan tala sant? kaster eg frampå.

Han tenkjer ein augneblink før ei barndomsoppleving kjem for han. Det var den gongen han og ein kamerat som 6-åringar fekk tak i nokre lange fyrstikker. Dei måtte prøvast, og dei verka! Det tok fyr meir enn dei hadde tenkt seg. Mødrene var heime på den tida, og det vart heldigvis oppdaga. Ved hjelp av mødrene og brannvesen vart brannen sløkt. Desse to gutane vart så redde at dei gøymde seg i naboen si søppelkasse. Då kvelden kom, spør mor hans:

- Kjende du noko til dette med brannen Jostein?

Alle visste kven som hadde tent på, men foreldra ville at gutane sjølve skulle kome fram med sanninga. Men Jostein skjemdest så over det som var skjedd at han ikkje orka seie det slik det var. Først då smerten ved å gå å kjenne på angeren og det som ikkje var sagt, vart så stor at han ikkje fekk sove, gjekk han til foreldra og fortalde at det var han og kameraten som hadde gjort det.

Hm, nei å vera ærleg er ikkje avhengig av ulasteleg framferd, men det kan koste! Og det har noko med integritet å gjere tenkjer eg. Det vert understreka når han fortel om då han vart religiøst myndig som 15. åring. Då kjendest det ikkje ærleg å vera medlem av ei kyrkje han ikkje forstod heilt kva stod for, eller sjølv kunne stå for. Han sende brev til presten, og han måtte forklara om han hadde tenkt godt over dette, og om



Jostein Aanestad ved porten til Volbu kyrkje, verdien ærlegdom er det ikkje vanskeleg å bli samde om.

han hadde snakka med foreldra sine! Det første hadde han, og det siste ville han gjere etterpå. Kanskje ikkje den minst kostesame ærlegdomen på Jæren i den tida.

Eg sjølv hadde moro av dette Jostein fortalde. Vi har ein felles kjenning i onkelen min Arild som hadde vore Jostein sin vegleiar på hovudoppgåva på Ås. Og min eigen onkel hadde ei liknande historie, og var svært oppteken av at eg ikkje måtte konfirmerer meg om eg ikkje meinte noko med det. Eg valde å konfirmerer meg, eg var nok ikkje sterk nok overtydd om det motsette av kyrkja heller, og religion var eit ope diskutert tema i min heim!

Vi har snudd, har månen og vinden imot oss og eg vender attende til tema ærlegdom.

- Du har trekt fram to sider ved dette med ærlegdom; kor naudsynt det er for å kunne handtere utfordringar og saker (ikkje minst i det offentlege der vi handlar på vegne av andre), og kor smerteleg det er for ein sjølv å gå å bære på ei løgn. Eit tredje aspekt er relasjonen til dei andre. Ei løgn kan vera svært øydeleggjande for tillitsforholdet.

- Ja det kan vera svært øydeleggjande for tillitsforholdet, svarar han. Eg føyer til:



Turen gjekk oppom Løken, og i lyset frå naturvitskapslampa vert konturane skarpe!

MIN SALME



- Ei ikkje erkjent løgn vil fort gje mistru til alt som vert sagt.

- Det reiser også spørsmålet om tilgjeving, kor lett er det å tilgi? spør han vidare.

- Det er i alle fall vanskeleg om den andre ikkje «har gjort noko gale», det vil seie, ikkje erkjenner skuld, seier presten. Burde ho (underteikna) her ha sagt, «du må tilgje uansett»?

Eg gjer ikkje det, men går vidare med:

- Eg trur det kan verte gitt nokon NÅDE til å tilgje andre utan at den andre har bede om tilgjeving. Eg har høyrte historier om det, og dei som har opplevd det slik har blitt letta for ei stor bøl! Det er som Aristoteles seier, «bitterheit er ei gift du sjølv drikk, men som du trur den andre vil døy av». Men med dette er det ikkje sagt at relasjonen vert reparert; dersom den som har forbrote seg mot deg, i vår samanheng loge for deg, ikkje erkjenner skuld, er det ingenting som gjer at tilliten kan opprettast att.

- Men er det inga grense for ærlegdom, skal alt seiast, alltid? spør Jostein - Kva med Gregers Werle i Villanden? Enn om sanninga berre er til skade? Ville du vite det om det for eksempel var ein annan som var far din enn den du trudde?

- Det kjem an på det, kan hende har du heile livet gått med ei kjensle av at det er noko som ikkje stemmer...

Dette hadde ikkje vore noko spanande tema om det ikkje var nokre dilemma knytt til det, og når vi kjem til døra att og songøvinga ventar, hadde eg vore klar for fleire samtalar eg. Men Jostein prøver seg med ein konklusjon;

- Det må tene til det gode!

..... ja, han skal få for den formuleringa til vedtak, rådmannen i Øystre Slidre.

FAGER KVELDSOL SMILER

Nummer 817 i Norsk Salmebok (2013).

Teksten er skriven av A. H. Hoffmann Von Fallersleben i 1837.

Melodien er av J. Chr. H Rinck i 1827.

Oversett av Peter Hognestad i 1904.

Denne fine salmen minnar meg om barndommen min og om bestefar. Han likte godt å synge, og denne salmen var ein han ofte gjekk og song på for oss barnebarna.

Teksten minner meg også om naturen her i Øystre som eg er veldig glad i, og det den kan gje av ro, ettertanke og trygghet.

Turi Hedalen - Lidar Sokneråd

Fager kveldsol smiler
Over heimen ned,
Jord og himmel kviler
Stilt i heilag fred.

Ingen kveld kan læra
Bekken fred og ro,
Ingi klokke bera
Honom kvilebod.

Berre bekken brusar
Frå det bratte fjell,
Høyr kor sterkt det susar
I den stille kveld!

Så mitt hjarta stundar,
Bankande i barm,
Til eg ein gong blundar
I Guds faderarm.

JULEVANDRING I ROGNE KYRKJE

TEKST: ELLEN O RUDI, KYRKJELYDSPEDAGOG
FOTO: ODDVEIG HOLDAL WEEG

I forkant av julefeiringa hadde vi julevandring i Rogne kyrkje. Dei eldste borna i barnehagen var inviterte til julevandring i kyrkjerommet og kyrkjestogo, og julelunsj i kyrkjestogo etterpå.

Julevandring er ei vandring der borna vert kjende med juleforteljinga i vår kulturarv, gjennom songar og levande skodespelarar frå kyrkjekontoret. Dei møter både keisar Augustus, engelen Gabriel(la), hyrden på Betlehemsmarkene, verten i herberget og Josef og Maria med det vesle barnet som kviler i krubba. I tillegg er det spennande tonar frå kyrkjeorgelet og englesong frå galleriet! Borna og dei vaksne fekk ulike roller, me hadde både kongar med gåver, englar med ljøs og innbyggjarar i Betlehem. Kwart barn fekk også velje si eiga perle som dei trødde på «barnas perlekjede», som etterkvart vil pynte kyrkjene våre. Tusen takk til både små og store i Rogne og Tingvang barnehage, som gjorde vandringa flott og spesiell for alle oss frå kyrkjekontoret!



Utdeling av
4-års bok

Rogne kyrkje, 26.januar 2020
Dei som fekk bok er: Amalie Aarøen Haugen, Hedda Renna Karlsen, Håkon Prestrud Halset, Martin Skaret, Ola Kjetil Fjelltun, Jonas Flatmo Aasbakken, Sanna Villmones, og Håkon Sørfonden.
Foto: Ranveig Rogne Villmones



Hegge kyrkje, 26.januar 2020
Dei som fekk bok er: Andreas Hagen-Blomlie, Eivor Wårum og Elias Stavseth Reinlie, Oddvar Nordtorp og Sigmund Rogne Blåfjelldal, dei to sist nemnde er ikkje med på biletet.
Foto: Siv Dahle

Lidar kyrkje, 12.januar 2020
Dei som fekk bok er: Birk Lien-Lyhus, Sigrid Alise Ekerbakke og Jostein Eckhoff-Brager.
Foto: Sissel Dahle Lie



Volbu kyrkje, 12.januar 2020
Dei som fekk bok er: Tiril Emilie Steen Rogne, Hedda Bjørnødegård Skattebu, Anele Victoria Aasdokken, Amanda Bø Wangen, Ronja Nøbben Holien og Marie Bakke Vestheim. Frå soknerådet: Nikoline Aleksandra Sindsen Hesjadalen og sokneprest Eli Vatn.
Foto: Liv Hirth Skjel



Glimt frå konfirmasjonsleiren 2020 HEKTA i Håkonshallen

TEKST OG FOTO: ELI VATN

Saman med 1200 konfirmantar frå Sør Noreg var vi samla i Håkonshall og etter kvart mange andre stader rundt Lillehammer for aktivitetane knytt til leiren. Her fekk vi undervisning i form av gruppesamlingar, forrykande show og fengande rytmar. Fellesskap og moro var å finne på aktivitetar i slalåmbakke, bob bane, bassenget, på curlingbanen, akebakken for å nemne nokre av arenaene! På spørsmålet om kva konfirmantane likte best, rangerte å få nye vener, vera saman og aktivitetane høgt. Men også det som skjedde på scena og i gruppeundervisninga var bra og lærerikt! Takk for ein flott tur til dykk alle!


Årets konfirmanter på veg til Hekta leir.



1200 ungdommar får heile sørnorge samla til leir på Lillehammer.



HEKTA



På Hekta var det mangt å få kjøpt til støtte for Uganda prosjektet; massasje, frukt, spådommar og mykje anna!



Forrykande show frå scena!

Våre nye råd i kyrkja i Øystre Slidre



Avtroppande leiar i fellesrådet Sissel Rogne ynskjer påtroppande leiar Morten Haugset lykke til!

Fellesrådet:

Morten Haugseth
Arnstein Alund
Marianne Straum
Eli Vatn
Tor Erik Nyquist
Olaug Okshovd
Bjørn Robøle
Per Arne Nerstad
Rannveig Rogne Villmones
Sissel Dahle Lie
Olav Amund Lie

Leiar
Nestleiar
Sekretær
Sokneprest
Kommunens representant

Dei nye soknerådsleiarane:



Bjørg Kristin Skogen Opheim
VOLBU SOKNERÅD

EG VAKS OPP på ein gard i øvrebygda i Rogne i ein stor syskenflokk.

Draumen var tidleg å få arbeide med dyr og jord, og gleda var difor stor då eg og mann min fekk kjøpe garden Skatterud i Volbu.

Garden ligg høgt i bygda med flott utsikt over grenda med kyrkja, skulen og den flotte Volbufjorden.

Vi fekk etter kvart 4 born, to gutar og to jenter. Dei er no vaksne og har flytta ut or heimen, berre minste-jenta, som går på vidaregåande skule, bur heime.

Eg har alltid vore glad i folk, og dei siste åra har eg hatt arbeid på Øystre Slidre sjukeheim. Dette trivst eg godt med, det er verkeleg eit gjevande arbeid å få vera til hjelp for dei eldre i bygda.

Kyrkja er midtpunktet i Volbu, ho er det fyrste eg ser når eg ser ut glaset mitt kvar morgon, og vegen opp til Skatterud går forbi kyrkja.

Alle borna mine er døypte og konfirmerte, og kyrkja betyr mykje for oss alle då det er der dei store hen-dingane i livet vårt foregår.

At eg skulle bli leiar i Volbu sokneråd, kom svært uventa på meg. Men etter som eg har ein fin «gjeng» med meg i

soknerådet, håpar eg at me saman skal greie gjera dei oppgåvene det er forventet av oss! Me er alle urøynde i slikt arbeid, så eg både gruar og gleder meg til desse 4-åra!



Sissel Dahle Lie
LIDAR SOKNERÅD

EG BUR I SKAMMESTEIN og er nyvald leiar i Lidar sokneråd. Eg ser fram til 4 lærerike år.

Til dagleg er eg å finne på Lidar skule for det meste saman med 3. eller 5. klasse. Mitt forhold til kyrkja har vore å gå julaften, når det er dåp, konfirmasjon eller gravferd. Men det aller hyggelegaste er å ha med elevar på kyrkjebesøk, anten inn i kyrkja, og då gjerne saman med Eli, eller aller helst på kyrkjegarden. Det er spanande for ungar i alle aldrar å gå på oppdagingsferd der, lesa på gravsteinar, finne ut kor gamle folk vart, finne kjende ...

Eg trur og det er bra å lære korleis ein oppfører seg på ein kyrkjegard, og å kjenne på at det er ein fin plass for alle, det er ikkje noko rart eller skummelt med ein kyrkjegard.



Rannveig Rogne Villmones
ROGNE SOKNERÅD

37 ÅR BOSATT I ROGNE. Vokst opp i Moane med mor, far, søster og bror.

I 2007 flyttet jeg til Stavanger der jeg traff min mann, Tommy. Vi er i dag gift og sammen har vi døtrene Sanna på snart 4 år og Nora på 16 måneder. Etter neste 12 år i Stavanger flyttet vi hjem til Valdres og bosatte oss i Rogne høsten 2018.

Kirken for meg er der jeg ble døpt og konfirmert. Jeg giftet meg i kirken og døypte selv begge mine barn der. For meg er kirken forbundet med tradisjon og videreføringen av den.



Arnstein Alund
HEGGE SOKNERÅD

ARNSTEIN ER KJEND for dei fleste i Øystre Slidre. Etter mange år som lensmann er han no pensjonist og bruker mykje av tida si på frivillig arbeid. Redaksjonen er glad for at han no òg har engasjert seg i soknerådet.



Stor gåve til Lidar kyrkje

Lidar sokneråd har vært så heldige å motta en betydelig pengegave fra **Randi Bakke**. Pengene var øremerket flytting av rullestolinnegang, samt utbedring av hovedtrappen inn til kirken.

TEKST: Mette Lein / FOTO: Aud Eva Berge



Hensikten er å gjøre kirkerommet bedre tilgjengelig for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Nå blir det mulig for alle å komme inn i kirken gjennom hovedinngangen, og kunne følge både brudefølge og gravferdsfølge ut gjennom hoveddøra.

Som i alle slike prosesser, har både Hamar bispedømme og Riksantikvaren vært deltagende, og gitt sin godkjenning til ombyggingen.

Høsten 2019 stod rullestolinnegangen og trappeforbedringen tilnærmet ferdig.

Det gjenstår litt «pynting» til våren, men giver Randi Bakke har uttrykt at hun er veldig tilfreds med det som er utført. Her er hun fotografert med den nye inngangen i bakgrunnen.

Lidar sokneråd vil uttrykke en stor takk til Randi for denne generøse gaven, og takker henne også for sitt aktive engasjement i forhold til å få jobben gjort.



7. klasse på veg til Lidar kyrkje for å pynte juletre!



Og vakkert vart det!

Julehjärto til juletreet i Lidar

Heile Lidar skule hadde før jul «prosjekt julehjärte». Dei sydde dei vakraste raude julehjärte, og like før jul kom 7. klasse til Lidar kyrkje for å pynte juletreet! Maken til vakkert juletre skulle du vel ikkje sett i sju prestegjeld! Tusen takk!

-Eli

Juletreffest 2020

Liv og røre, stinn brakke, smått og stort, korps, kaker og julepregang!

Så mange ord og fleire til kunne vi bruke for å summere opp juletreffest i januar 2020.

Om lag hundre menneske var samla då sokneråda i Øystre Slidre og Røde kors Omsorg slo seg saman for å halde juletreffest. Unge og gamle, både når det gjeld alder og kor lenge dei hadde budd i Øystre Slidre møttes her rundt juletreet. Om du tala syrisk eller norsk var fellesskapet der! Vi var glade og nøgde då vi summerte opp festen etterpå.

Likevel kjende vi nok på at det ikkje er så lett ha ein triveleg prat medan ungane spring rundt juletreet eller opp og ned på golvet. Vi lurte nok på om vi måtte velje mellom å legge opp festen for dei vaksne eller for dei små!

Det vart til at vi tok ei runde i sokneråda på saka, og det kom opp gode forslag om å arrangere leikar for dei små i vestibylen medan dei vaksne drikk kaffi. Kan hende skal vi og gjere «leikar med dei små» til eit av dei prosjekta konfirmantane kan velje i staden for å gjera det obligatorisk for alle.

Vi gir i alle fall ikkje opp juletreffest og tradisjonen med julepregang og juletsesong.

-Eli



Ordførar Odd Erik Holden nyttar Juletreffest til å takke og ynskje Øystre Slidre Musikkorps ved leiar Arnstein Alund lykke til med 70 års jubileet!



Flott song og gang rundt juletreet.



Døypefontar

Døypefont i Rogne kyrkje



Solveig Sandberg

Foto: Saskia Aleida Van Veen

Døypefonten i Rogne - ein døypefont skapt av folk i bygda - for folk i bygda


Bygdekunstaren Gudbrand T. Bolstad (1882-1968) var meister for denne døypefonten som han laga til si barndoms kyrkje.

Sjølve utgangspunktet kjem frå naturen. Ei stødig trestamme er bærar av kunstverket. Av denne har Gudbrand med kyndig hand skapt ein begerforma døyppfont. Langs kanten nedst har han skore ut ein brei fletta bord. Rundt midten har han skapt store barneansikt, eller kanskje er det engleansikt? Kvar av desse er omgjevne av ein vakker vingekrans. Ansikta stirrar oppover. Slik vert fokuset retta mot dåpsvatnet og den signinga det gjev dåpsborna.

Ein utskoren lekkje-bord skapar ro og harmoni under det dreia trefatet på toppen. Etter at Gudbrand Bolstad hadde lagt siste hand på verket, tok ein annan kar i Rogne, rosemålar Reidar O. Skattebu (f. 1867) fram målarakene sine. Også når det gjeld fargesetting ser vi ei jordnær tilknytning. Han har nytta gyldne, brune, blå og grønne fagar. Det var nok ei stor høgtidstund i Rogne kyrkje i 1933 då denne døypefonten vart nytta for fyrste gong. Det bør òg forteljast at Ola Røe d.e., Erik Erikson Moe og Nils Hovi gav dei nødvendige økonomiske midlane som skulle til.

Nedfelt i døypefonten står eit gammalt dåpsfat i tinn laga av firmaet Clark i London i 1777. Utallige små born frå grendene i Rogne har vorte tekne inn i fellesskapet og fått signing over livsvegen med vatn i dette gamle fatet.

Dåpsfatet sto tidlegare i den gamle døypefonten som enno er å sjå i Rogne Kyrkjestogo.



KYRKJELEGE HANDLINGAR DESEMBER 2019 - FEBRUAR 2020

DØYPTE

LIDAR
Vetle Marinius Lagrud Grønolen

HEGGE
Maiken Wårum

LYSKAPELLET
Ane Melbye Skoglund

VIGSEL

LYSKAPELLET
Bente Skjold Helle og Eirik Schlytter

DØDE

ROGNE
Harald Oddvar Nereng
Arne Petter Granli
Bergljot Johanne Helle

LIDAR
Andris O. Skrebergene

VOLBU
Olaug Johanne Hegge

HEGGE
Gudrun Kjellaug Bakken

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar.

FULLDISTRIBUSJON

April

05 04 2020 PALMESUNDAG.

ROGNE KYRKJE KL. 11.00. Høgmesse v/prestevikar Ellen Oddveig Rudi. Takkoffer Diakoniarbeidet i soknet.

LYSKAPELLET KL. 11.00.

Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn.

ØYSTRE SLIDRE SJUKEHEIM KL. 16.30.

Palmesundag. Gudteneste v/prost Carl Philip Weisser. Kyrkjekaffe kl. 15.30 v/Lidar sokneråd.

09 04 2020 SKJÆRTORS DAG.

LYSKAPELLET KL. 17.30. Den gylne time med nattverd v/sokneprest Eli Vatn.

10 04 2020 LANGFREDAG.

VOLBU KYRKJE KL. 19.30. Pasjonsgudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kirkens Nødhjelp.

12 04 2020 PÅSKEDAG.

LYSKAPELLET KL. 09.30. Gudsteneste v/prestevikar Solveig Vatn Weisser.

HEGGE KYRKJE KL. 11.00.

Høgtidsmesse v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer ungdomsarbeidet i soknet.

13 04 2020 2. PÅSKEDAG.

VOLBU KYRKJE KL. 19.30. Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn m/konfirmantar. Takkoffer Kyrkjebladet.

26 04 2020 ROGNE KYRKJE KL. 11.00.

Høgmesse Tårnagent v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kyrkjebladet

10 05 2020 HEGGE KYRKJE KL. 11.00.

Mai

Høgmesse. Dåp. Tårnagent v/prost Carl Phillip Weisser. Takkoffer «Hekta»

17 05 2020 VOLBU KYRKJE KL. 09.30.

Gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Stabburshella.

24 05 2020 LIDAR KYRKJE KL. 12.00.

Dylan messe. v/fjellprest Eli Vatn. Takkoffer Leger uten grenser.

31 05 2020 PINSEDAG

HEGGE KYRKJE KL. 11.00.

Samtalegudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Kristnetepet i pinsevariant. Takkoffer Kyrkjebladet

Juni

01 06 2020 2. PINSEDAG

ROGNE KYRKJE KL. 11.00.

Samtalegudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Kristnetepet i pinsevariant. Takkoffer Det Norske Misjonsselskap

07 06 2020 VOLBU KYRKJE KL. 10.30.

Konfirmasjon v/sokneprest Eli Vatn.

07 06 2020 ROGNE KYRKJE KL. 12.30.

Konfirmasjon v/sokneprest Eli Vatn.

14 06 2020 LIDAR KYRKJE KL. 10.30.

Konfirmasjon v/sokneprest Eli Vatn.

14 06 2020 HEGGE KYRKJE KL. 12.30.

Konfirmasjon v/sokneprest Eli Vatn.

28 06 2020 VOLBU KYRKJE KL. 11.00.

Høgmesse v/ prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Frelsesarmeen Fagernes.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet. Hjarteleg velkomne.

Pusterom

I Volbu kyrkje:

27 april, 18 mai og 8. juni 2020.

Ope kyrkje frå kl. 18.00.

Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

Diakonisamling

I Rogne kyrkjestogo:

3. juni 2020 Alle velkomne.

Salmekveldar

i Rogne kyrkjestogo: 27. april og 11. mai kl. 19.00.

0	VOLBU KYRKJE 7. JUNI 10:30
2	Isak Kristianson Fjellstad
0	Gjermund Kjørli
2	Kristoffer Helle Steinsrud
2	Magnus Myhre Windingstad
0	Aurora Bakke Vestheim
2	Silje Christine Onstad Evensen
R	ROGNE KYRKJE 7. JUNI 12:30
T	Bjørnar Skrebergene Hamre
A	Ørjan Goflebakke Lyseng
N	Martin Jørstad Ringli
A	Emilie Stanes Høe
M	Anette Høgsnes
I	Hedda Nyhagen
R	Ina Pettersen-Dahl
F	Kristine Trandokken
0	LIDAR KYRKJE 14. JUNI 10:30
2	Herman Müller
0	Ane Robøle Fegri
2	HEGGE KYRKJE 14. JUNI 12:30
0	Magnus André Brusveen
2	Jon Sebastian Melby
0	Synnøve Dahle
2	Ingrid Håvardsdatter Dalbø
0	Jasmine Vega Wangen

Babysong

21. april, 5. mai og 19. mai

i Rogne kyrkjestogo kl. 11–13.

Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og litt servering. Sjå òg kyrkja si Facebookside.

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER OGSÅ PÅ FACEBOOK.
/Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

